# Sjakkverkstad i 3 dagar

24.07.2014




**Torsdag, fredag og laurdag i neste veke vert det sjakkverkstad i Rabbekjedlaren med Ole Valaker som instruktør. Det er arrangøren strålande fornøgde med. Han er kjend både som utøvar og pedagog og godkjent av FIDE som instruktør for mybyrjarar. Han har gjort ein stor innsats for å gje sjakk ein plass i norske media og han har også vore TV-kommentator.**

Han har også skrive bok med Magnus Carlsen og skriv no på ei bok om VM-finala mot Anand saman med stormeister Leif Erlend Johannesen.

Verkstaden går føre seg tosdag klokka 17, fredag klokka 14 og laurdag klokka 11. Laurdag klokka 13 held Valaker foredrag om Carlsen og karrieren hans.

Tekst; Festidalen
Nett. Ola Matti Mathisen